



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dato: 13.03.2017
Vår ref.: 2014/21176-78
Saksbehandlar: gunhans
Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn - E16 og Vossebanen må prioriterast i fyrste del av ny NTP

Hordaland fylkesting har i møte 08.03.2017 vedteke slik fråsegn:

E16 og Vossebanen må prioriterast i fyrste del av ny NTP - fråsegn

E16 mellom Voss og Arna og Vossabanen vart i grunnlagsdokumentet frå fagetatane lagt inn som bunde prosjekt med oppstart i fyrste del av ny nasjonal transportplan (NTP). Samferdsledepartementet har i oppdragsbrev til etatane bede dei om å planlegga ut frå oppstart av prosjektet i 2021.

Hordaland fylkesting er difor svært uroleg over meldinga frå regjeringa om at oppstart er utsett til andre periode, og dermed ikkje lengre prioritert som bunde prosjekt. Slik regjeringa no prioriterer vil det gå ytterligare 17 år før ny veg/bane kjem.

Våre argument for denne vegen og banen burde vera kjent, men me gjentek: E16 og Vossebanen har for lengst passert sine beste år. Både veg og bane må skrotast og nytt byggast. E16 har krevd alt for mange menneskeliv og alvorlege personskadar. Dei siste 17 åra har det skjedd 30 dødsulykker, 584 personskadeulykker og 338 skred på denne strekninga. Vegen er meir stengt enn fjellovergane om vinteren og Vossabanen slit med regulariteten når rasa går. Næringslivet sin aktivitet i store delar av Hordaland heng jamleg i ein tynn tråd. Vossabanen køyrer framleis på ein trase som var ferdig for 130 år sidan!

Me har sett vår lit til regjeringa sine eigne ord, nemleg at ved rask planlegging og gode prosessar ville ein sikra rask oppstart. Handlekraft var mantraet. Difor har me sagt ja til statleg plan. Me har snudd oss rundt, gjennomført analysar og er budd på konsekvensane av ny veg og bane, men til inga nytte. Me støttar folkekravet om å prioritera E16 og Vossabanen snarast råd.

På grunnlag av dette kjem fylkestinget med eit klart krav til regjeringa og støttepartia: Når NTP endeleg vert lagt fram, må oppstart av E16 og Vossebanen vera i 2021. Berre slik kan vil de visa at de tek situasjonen for alle dei reisande på alvor!

Med helsing

Pål Kårbø
fung. fylkesordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Brevet er sent til:

Hordalandsbenken – Stortinget
Samferdselsdepartementet
Regjeringa